

Fagskulen i Vestland, studiestad Måløy				Dok.id.: 6.3.1
Beredskapsplan for fagskulen Vestland, studiestad Måløy				Generelt
Utgave: 6.00	Skrevet av: Einar Folkestad	Gjelder fra: 29.01.2025	Godkjent av: Einar Bjarne Folkestad	Sidenr: 1 av 11

BEREDSKAPSPLAN

ved ulykker og død blant studentar

**Fagskulen Vestland,
Studiestad Måløy**

Innhald:

Innleiing/mål/definisjonar	s. 3
Varslingsplan	s. 6
Handlingsplan ved alvorleg ulykke blant studentar	s. 7
Handlingsplan ved uventa dødsfall blant studentar	s. 8
Handlingsplan ved dødsfall etter sjukdom	s. 9
Seremoniar/ritual ved dødsfall	s. 10
Hugseliste ved overbringning av dødsbodskap	s. 11
Hugseliste for kontakt med event. praksisplass	s. 11
Hugseliste for minnestund	s. 12
Hugseliste ved dødsfall i ferietida	s. 12

Planen skal nyttast så langt det passar i den aktuelle situasjonen.

Rektor ved fagskulen har ansvar for at denne planen til ei kvar tid er oppdatert, og at alle tilsette veit kor planen finst.
Det bør vera øvingar kvart år, gjerne i vårhalvåret, utdanningsleiar er ansvarleg. Planen skal oppdaterast innan utgangen av juli kvart år.

INNLEIING:

Mål for beredskapsplanen:

Beredskapsplanen skal vera eit hjelpemiddel for tilsette og studentar ved fagskulen til bruk ved ulykker og dødsfall for å kunne ta vare på dei som er ramma på ein respektfull og omsorgsfull måte.

Beredskapsplanen skal sikre at ein har tenkt igjennom kva som skal gjerast av kven, og at det vil fungera når noko uventa skjer.

Planen er utarbeidd som ei handbok for

- **kva som skal gjerast når noko skjer**
- **av kven**
- **i kva rekkjefølgje**

Det er laga nokre ”hugselister” som ein kan ta fram i konkrete situasjonar med forslag til kva ein bør tenkja igjennom og kva ein kan gjera. Her må ein i kvart enkelt tilfelle vurdere situasjonen og tilpassa tiltaka til tid, stad, person og situasjon.

Definisjonar:

- Beredskapsplan:
Den overordna planen for ulykker og død innafor Fagskulen Vestland, studiestad Måløy sitt ansvarsområde.
- Varslingsplan:
Den planen som viser kva ein skal gjera og kven ein skal varsla i ein akutt situasjon, trinn for trinn. (sjå s. 3).
- Handlingsplan:
Oversikt over kva tiltak som skal setjast i verk ved ulykker eller død og kven som er ansvarleg for kva.
- Beredskapsteam:
Gruppe av tilsette som har hovudansvar for at beredskapsplanen blir gjennomført, og som til ei kvar tid kan kontaktast ved alvorlege ulykker og uventa dødsfall. Rektor er leiar av teamet. Gruppa består av rektor, utdanningsleiar, kvalitetsleiar og verneombod.
- Kriseteam:

Gruppe av fagpersonar/medhjelparar som beredskapsteamet set saman når ein situasjon har oppstått. Gruppa skal vera operativ overfor råka partar ved skulen
Gruppa kan for eksempel bestå av kontormedarbeidar, studieleiar, undervisningspersonell, medstudentar og verneombod. Ved behov kan ein og hente inn ekspertise utanfrå, for eksempel frå :

Kriseteamet i Vågsøy er samansett slik:

Kommunelege 1, Politi, Lensmann, Sokneprest, Helsesyster og Psykisk helseteam.

Det er politi, prest eller lege som varsla krise.

Kontaktinformasjon sentralbord:

Kontaktinformasjon sentralbord:		
<u>Namn</u>	<u>Telefon</u>	<u>E-post</u>
Sentralbord	57 75 60 00	post@kinn.kommune.no

VARSLINGSPLAN

Den som først blir merksam på ulykke/krisesituasjon er ansvarleg for varsling.

Når du varslar gi beskjed om:

- **Kven** du er
- **Kva** som har skjedd
- **Kor** er skade/ulykkesstaden
- **Kor mange** som er skada

Hugs å skrive logg over kven som er varsla når.

1. RING FØRST

110

112

113

BRANN**POLITI****AMBULANSE**

RING DERETTER

Sentralbordet ved**Studiestad Måløy****415 30 690**

Sentralbordet varslar vidare:

Rektor:**Torbjørn Mjelstad****971 42 081**

2. UTANOM ARBEIDSTID SKAL EIN VARSLE:

Tlf. privat:**Mobil:****Rektor****971 42 081****Utdanningsleiar Måløy****415 30 692**

Den i beredskapsteamet som først blir varsla, har ansvaret for at beredskapsteamet kjem i funksjon.

ALVORLEGE ULYKKER BLANT STUDENTAR

HENDING	ANSVARLEG	TILTAK
Alvorleg ulykke	Den som først får kjennskap til ulykka	<u>Varsle</u>: sjå varslingsplan! Lege/ambulanse (113) Politi (112) Brannvesen (110) Gi førstehjelp Sikre ulukkesstaden, hindre unødige trafikk. Varsle vidare etter varslingsplan.
	Politi	Varsle/informere føresette/pårørande. Det er politiet som har primæransvar for å gi informasjon om det som har hendt. Leie informasjonsarbeidet. Granske ulykka.
	Rektor	Innkalle beredskapsteamet. Vurdere behov for allmenn informasjon straks. Vurdere behov for å ivareta vitne.
	Rektor	Uttalar seg til media på vegner av fagskulen.
oppfølging	Beredskapsteam	Informere kontorleiar. Vurdere om ein skal opprette eit kriseteam. Kontakte pårørande/føresette, evt. blomar/helsing. Planlegge og orientere kva som vert gjort ved fagskulen. Informere tilsette, studentar og evt. praksisplass alt etter omfang av ulykka. Viktig med lik informasjon. Vurdere omsorgstiltak i den aktuelle situasjon og for påfølgande dagar. Vurdere om ein skal avlyse undervisning, eksamen eller andre arrangement. Informere andre aktuelle instansar om oppfølging vidare.
	Rektor	Planleggje og følgje opp tiltak. Få oversikt over kven som har vore vitne til ulykka, og gje dei tilbod om samtale/debriefing for bearbeiding av evt. krisereaksjonar. Yte omsorg.
	Kriseteam	Beredskapsteam/kriseteam fører aktivitetslogg.
etterarbeid	Beredskapsteam/ kriseteam	Vidare oppfølging av studentar og tilsette etter ulykke; samtalar, debriefing.
	Beredskapsteam	Evaluerer fagskulen si handtering av krisesituasjonen.
	Arbeidsmiljøutval	Vurdere om ein kan førebyggje/hindre framtidige ulykker/kriser.
	Rektor	Svare på spørsmål. Undersøke forsikrings-/erstatningsansvar. Vurdere melding til arbeidstilsynet. Beredskapsteam/kriseteam utarbeider rapport etter arbeidet.

UVENTA DØDSFALL BLANT STUDENTAR

HENDING	ANSVARLEG	TILTAK
Ulykker Sjølvmord	Den som først får kjennskap til hendinga	Varsle: sjå varslingsplan! Lege/ambulanse (113) Politi (112) Varsle vidare etter varslingsplan
	Lege Politi	Stadfeste evt. død Etterforske evt mistenkeleg dødsfall. Varsle/informere føresette/pårørande. Det er politiet som har primæransvar for å gi informasjon om det som har hendt. Leie informasjonsarbeidet.
	Rektor	<u>Varsle:</u> - Beredskapsteam - Styreleiar - Avdelingsleiar - Kontaktlærer - Studentorganisasjonen
	Beredskapsteam	Evt. opprette kriseteam.
Oppfølging	Beredskapsteam/ kriseteam	Legge opp vidare arbeid: - Ta kontakt med pårørande. - Avklare kulturell bakgrunn. - Informere medstudentar og tilsette. - Informere evt. praksisplass. - Markering i miljøet. - Minnestund. - Vere tilgjengeleg for samtale, yte omsorg. - Orienterer om kva som skjer vidare, eks. gravferd. - Kontakte ekspertise ved behov. - Vurdere om ein skal avlyse undervisning, eksamen og andre arrangement.
	Kontormedarbeidar/ rektor	Ordne med blomar til pårørande, ordne med representasjon ved gravferd. Vurdere kva data på fagskulen sine interne system som skal slettast og melding til andre knytta til datasystema.
Etterarbeid	Beredskapsteam/ kriseteam	Vidare oppfølging av studentar og tilsette. Evaluerer fagskulen si handtering av situasjonen Skrive rapport etter situasjonen.
	Rektor	Svare på spørsmål. Undersøke forsikrings-/erstatningsansvar.

DØDSFALL ETTER SJUKDOM

HENDING	ANSVARLEG	TILTAK
Dødsfall etter sjukeleie	Den som først får beskjed om dødsfallet Rektor	<u>Varsle:</u> Rektor <u>Varsle:</u> Kontaktlærer Avdelingsleiar
Oppfølging	Rektor Kontormedarbeidar/rektor	Legge opp vidare arbeid i samarbeid med pedagogisk personale: - avklare kulturell bakgrunn - informere medstudentar - informere evt. praksisplass - markering i miljøet - minnestund - orientere om kva som skjer vidare, eks gravferd Ordne med blomar til pårørande, ordne med representasjon ved gravferd Vurdere om ein skal avlyse undervisning, eksamen og andre arrangement Sletting av data på fagskulen sine interne system og melding til andre knytte til datasystema
Etterarbeid	Beredskapsteam Rektor	Vidare oppfølging av studentar og tilsette Evaluere fagskulen si handtering av situasjonen Svare på spørsmål Undersøke forsikrings-/erstatningsansvar

Informasjon

Politiet har ansvar for å informere om at ei ulykke el. dødsfall har skjedd. Rektor vurderer i samråd med politiet når og korleis informasjon skal bli gitt internt. Rådgjevar er naturleg medspelar for rektor når det gjeld pressekontakt og informasjon til medstudentar og tilsette. Medstudentar og tilsette vert oppfordra om å vurdere nøye kva dei uttalar seg om dersom dei blir kontakta av media. Ein bør vurdere om nokon bør informerast først og/eller gis særskilt informasjon.

Det er viktig at informasjon om minnestund og gravferd vert gitt i tide, slik at alle dei som ønskjer det kan delta. For å sikre at denne informasjonen når alle berørte partar, bør ein kanskje og legge den inn som ein kort informasjon på skulen si heimeside og TEAMS.

Seremoniar/ritual ved dødsfall

Minnestund:

Minnestund bør skje så snart som mogeleg og gjerast kjent blant studentar og tilsette. Alle med tilknytning til Fagskulen blir invitert og avgjer sjølv om dei vil møte opp. Beredskapsteamet bør ta kontakt med pårørande og samarbeide om innhaldet i minnestunda, og invitere dei til lærestaden. Det kan og vere naturleg å ha ei eiga minnestund saman med nære venner/naboar (i høve bufellesskap). Sameleis i klassen eller ved studieretninga vedkomande var student.

Gravferd:

Ved dødsfallet til ein student bør det leggjast til rette for at tilsette og medstudentar kan delta i gravferda, t.d. med tanke på undervisningsfri og evt. felles transport. Det bør og drøftast og takast stilling til om representantar frå leiinga ved avdelinga eller studentsamskipnaden bør delta. Det bør sendast blommar/bårebukett/krans som ei siste helsing. (Ikkje alle trusretningar har ein slik skikk).

Forskjellige religionar og livssyn:

Studentar med andre religionar og livssyn ønskjer kanskje andre seremoniar/markeringar. Dei ansvarlege bør ta kontakt med pårørande og undersøkje kva som er ynskjeleg ut ifrå livssyn og kultur.

Uformell møtestad:

Det bør opplysast om tilbod om "treffestad" for dei som kjente eller stod den avdøde nær, dersom ein vurderer dette som eit behov. I nokre høve, t.d. ved sjølv mord eller dramatisk ulykke, bør kanskje ein tilsett ved aktuelt institutt og sosial rådgjevar vere til stades. Her kan ein setje blommar, eit bilde av den døde, la eit lys brenne. Ein kan og vurdere ei enkel form for servering. Det er naturleg at den "uformelle møtestaden" varer frå meldinga om dødsfallet kjem og til gravferda er over.

Pårørande:

I prinsippet er det viktig at den første kontakten med pårørande vert tatt frå leiinga. Det er og viktig at pårørande får tilbod om å få sjå klasserom, bustad, ulykkesstad, og at tilhøva vert lagt til rette for dette.

HUSKELISTE I SAMBAND MED OVERBRINGING AV DØDSBODSKAP

- Dersom medstudentar er samla til undervisning, snakk først med faglærer og eventuelt studenttillitsvalt
- Sørg for ikkje å vera åleine med studentane i denne situasjonen. Utover oppsett faglærer, kan eventuelt andre i administrasjonen vera til stades. Rådgjevar/avdelingsleiar kan også bistå i denne situasjonen.
- Fortel kort og direkte kva som har skjedd.
- Ved sjølv mord: avklare med pårørande kva som skal seiast
- Vere førebudd på spørsmål omkring dødsfallet. Folk reagerer svært ulikt på slike situasjonar; gi dei tid og plass for dei reaksjonane som kjem.
- Orienter om korleis resten av undervisningsdagen vil bli lagt opp.
- Det vil vera naturleg å avlysa undervisninga for medstudentane for resten av dagen. Det er viktig at medstudentar ikkje blir overlatt til seg sjølv. Dei fleste ynskjer å vera saman med nokon i ein slik situasjon, det er difor viktig å leggja til rette for at medstudentar kan vera saman.
- På dette tidspunktet vil det truleg vera for tidleg å orientera om eventuell minnestund og gravferd. Minnestunda skal planleggjast saman med dei pårørande. Ein orienterer om at det vil bli gitt meir informasjon når ein veit meir om kva som skal skje vidare.
- Personar i sjokk må ikkje overlatast til seg sjølv. Kriseteamet kan brukast.
- Prøv å finna ut om den døde har nære slektningar ved fagskulen. Det vil truleg føra til at miljøet i større grad blir prega av det som har skjedd.

HUGSELISTE FOR KONTAKT MED STUDENTANE SIN EVENTUELLE PRAKSISPLASS

Ved ulykke:

Rådgjevar er ansvarleg for at praksisplassens leiar og studenten sin kontaktlærer blir orientert om ulykka.

Ved død:

Rådgjevar er ansvarleg for at praksisplassens leiar og studenten sin kontaktlærer blir orientert. Det blir orientert om minnestund og gravferd.

Studenten sin kontaktlærer får eventuelt tilbod om samtale med kriseteamet.

HUSKELISTE FOR MINNESTUND

- Tydeleg markering av tid og stad. Studentar frå andre avdelingar kan stå i eit nært forhold til den døde og kan ynskje å delta i minnestunda
- All undervisning på skulen blir avlyst så lenge minnestunda varer
- Eigna lokale
- Blomar og levande lys, evt. bilde av den døde
- Antrekk for dei som har offisielle oppdrag
- Rektor leier minnestunda.

Forslag til innhald i minnestunda:

- Musikkinnslag
- Song
- Opplesning/dikt
- Minnetale ved personalet
- Evt. minnetale ved medstudent(ar)
- Eitt minutts stille
- Informasjon om FSF sin medverknad ved føreståande gravferd, oppfordring til studentar om å delta dersom gravferda er i nærleiken av studiestaden

Heile minnestunda bør ikkje vara meir enn i 30 minutt. Det er viktig at minnestunda har ein gjennomtenkt struktur. Blir den for lang, mistar den "nerven". Minnestunda skal også gjenspegla det livssynet den døde representerte.

DØDSFALL I FERIETID

Dersom dødsfallet har skjedd i ein periode då medstudentar har vore på ferie eller liknande, og gravferda allereie har funne stad, vil det oftast vera rett å gjennomføra ei minnestund når studentane igjen er samla på skulen. Denne minnestunda vil ofte omfatta færre studentar. Har dødsfallet skjedd i sommarferien, er det naturleg at rektor nemner det ved opninga av nytt studieår, og at det blir markert med eitt minutts stille eller på annan måte.

Kryssreferanser

Eksterne referanser